

42 -43.

Vedkomande foreldra til Adriana Andreasdotter: Andreas Sørensen Simsø f.1771, og Christiana Jacobsdotter f.1772 d.1814, vises til nr.20 og 21.

44.

Ole Olsen Meisfjord f.1786.

Han kom saman med far sin frå Korgen (Oldernes) og til Meisfjord. Han vart gift med Barbro Olsdotter f.1786, som var dotter til Ole Hansen og Gjertrud Olsdotter Leines.

Dei fekk desse barna:

Johannes f.1810

Ole f.1814.

Hans Zahl f.1816. Desse 3 brørne delte garden Meisfjord mellom seg.

Sebine f.1811. G.m. Hans Zahl Olsen Sjøråsvik.

Barbro f.1829. G.m. Sivert Olsen Sjøråsvik.

Oline Zahl (?). G.m. Petter (smed) Holmvik.

45.

Om Barbro Olsdotter vises til nr.44.

46 -47.

Jacob Andreas Nilsen Tveråbakk f.1781.

Han var son til Nils Amundsen f.1745 d.1827, og Aleth Jacobsdotter f.1755. Dei overtok garden etter foreldra. Viser til nr.36 og 37.

48 - 49.

Om Knut Olsen og Karen Johnsdotter frå Voss har vi ingen opplysningar. Sjå nr.24 og 25.

52.

Ole Olsen Meisfjord f.1753 d.1827.

Han var frå Olderneset i Korgen, og fekk kjøpt garden Meisfjord. Han vart då gift med Karen Olsdotter f.1752, og dei fekk desse barna:

Ole Olsen f.1786. G.m. Barbro Olsdotter Leines f.1787.

Johannes f.1788.

Daniel f.1790.